

Møtereferat

Dato:20.06.2019

Emne:	Samarbeidsmøte i samband med den nye godkjenninga som opplæringskotnor	
Til stades:	Arne Lier, daglig leiar, Opplæringskontoret i Austevoll Inger Semb Johansen, Opplæringskontoret i Austevoll Tore Hufthammer, Opplæringskontoret i Austevoll Lene Hatlevik Rabben, Opplæringskontoret i Austevoll Signe Ekeland, fagopplæringskontoret Jarle Mehammer, fagopplæringskontoret Ola Dahl Andersen, fagopplæringskontoret	
Forfall:		Sak: 2014/24617 - 126-
Møtetid:	0930 - 1230	Møtestad: Storebø, kontoret til opplæringskontoret

Referent: Ola Dahl Andersen

Bakgrunnen for møtet var godkjenninga av Opplæringskontoret i Austevoll (OA) som opplæringskontor og dei vilkår og krav som føl med den. Det er lagt opp til ein tett og god dialog mellom fagopplæringskontoret og opplæringskontoret og dette er alle partar innstilt på å få til.

Først ein kort presentasjonsrunde rundt bordet, med litt om bakgrunn og arbeidsoppgåver.

Det vil vera fagopplæringskontoret på Stord som i all hovudska vil følgje opp OA og deira saker.

Opplæringskontoret i Austevoll har den siste tida drive med inntak av lærlingar, gjennomført oppstartsamalar og ligg ann til å ta inn 70 lærlingar.

Agenda

Sak	Tema – innhald	Oppfølging og ansvar
01-2018 Godkjenning og vilkåra for denne	Dei 7 punkta som er lista opp i vedtaksbrevet og som er henta frå opplæringslova og forskrift til denne blei gått gjennom punktvis. Sjå vedtaksbrevet: Pkt 1: Sikre at lærebedriftene, enten sjølvstendig eller i samarbeid med andre, kan gje opplæring i heile læreplanen. Viktig å merke seg at kvar medlemsbedrift skal ha sjølvstendig godkjenning i samsvar med krav i opplæringslova. Pkt 2: Sikre at bedriftene har fagleg leiar og at desse er ajourført i Vigo. Vigo Bedrift er	Vil bli følgt opp på samarbeidsmøta framover mellom opplæringskontoret og fagopplæringskontoret

	<p>administrasjonssystemet der endringar og opplysningar på bedriftene vert utført.</p> <p>Pkt 3: Det er medlemsbedriftene, gjerne med hjelp og støtte frå opplæringskontoret, som skal utvikle ein plan for opplæringa. Det er læreplanen i faget som er mål for opplæringa og planen skal synleggjere korleis bedrifta planlegg og sikrar at lærlingen får den opplæringa dei er pliktig å gje.</p> <p>Ein slik plan kan, og vil, variere frå bedrift til bedrift. Ein slik plan er ikkje noko lærlingen skal arbeida med, men planen skal nyttast på halvårssamtalen, som grunnlag for evaluering og tilbakemelding på det som er gått gjennom og for plan for det som skal arbeidast med framover.</p> <p>Det vart presisert at den halvårlege vurderingssamtalen som lærlingen har rett på, skal vera ein fagleg tilbakemelding og då må medlemsbedrifta og fagleg leiar vera med på denne. Opplæringskontoret kan sjølvstøtt vere organisatorisk ansvarleg, men sjølvne tilbakemeldinga må koma frå dei som gjer opplæringa.</p> <p>Pkt 4: Det vil vera vanskelig å ha oversikt over kven som er instruktør til ei kvar tid. Alle i ei verksmed vil kunne fungere som instruktørar. Ved søknad om godkjenning skal instruktør vere namngjeven.</p> <p>Pkt 5: Det er veldig viktig at alle medlemsbedrifter årleg rapporterer. Den årlege rapporteringa er no ein del av bedriftsundersøkinga.</p> <p>Pkt 6: Det skal liggje føre ein samarbeidsavtale dersom to eller fleire medlemsbedrifter skal gje opplæring til ein lærling.</p> <p>Pkt 7: Det må liggje føre tydelege avtalar om forholdet mellom medlemsbedriftene og opplæringskontoret. Fagopplæringskontoret vil bli invitert med på årsmøte til opplæringskontoret framover. Opplæringskontoret vil også sjå på innhaldet i årsmøtet, for om mulig får til betre oppmøte frå medlemsbedriftene.</p>	
<p>02-2018 Plan for gjennomføring av bedriftsbesøk i medlemsbedriftene</p>	<p>Opplæringskontoret blir vår koordinator i dette arbeidet.</p> <p>Vi setter opp forslag til datoer og hvilke bedrifter vi ønsker å besøke. Opplæringskontoret har noen</p>	<p>Fagopplæringskontoret sender ut forslag til datoer</p>

	<p>bedrifter de ønsker vi skal besøke og vi samkjører dette med dei.</p> <p>Det er ønske å ha samtale med lærlingene. Derfor må det tilpassas når dei er heime på fri for dei som arbeider ute på båt.</p> <p>Vi har ein fast plan for gjennomføring av slike bedriftsbesøk. Denne planen sender vi vedlagt dette referatet.</p> <p>Det vil i all hovedsak bli personell frå fagopplæringskontoret på Stord som vil gjennomføre bedriftsbesøka, men også med hjelp frå kollegaer i Bergen.</p>	
03-2018 Tilgang til OLK-WEB	<p>Gjekk kort gjennom bakgrunnen for kvifor vi ønskjer tilgang til dette og kva vi ser for oss å bruke det til.</p> <p>Arne Lier skal snakke med leverandøren og ordne oss nødvendig tilgang. Det er lesetilgang vi ønsker, og at vi kan sjå det som både lærling, bedrift og opplæringskontoret legg inn.</p>	Arne Lier ordner med nødvendig tilgang innan aug 19
04-2018 Møtedato for samarbeidsmøter mellom fagopplæring og OA	<p>Opplæringskontoret har laga til eit årshjul. Her er møter med fagopplæring lagt inn. Årshjulet er under arbeid.</p> <p>Arne sender dato til fagopplæring og så ser vi om dei passar. Om ikkje, så vert dei endra.</p>	Arne Lier sender forslag til dato innan 1. august
05-2018 Ymse	<p>Opplæringskontoret tok opp eit par erfaringar frå fagprøver der kandidaten strauk. I barne- og ungdomsarbeidafaget og helsearbeidarfaget synes dei det er mykje teori og vanskelig å sjå ut frå strykprotokollane kva som er grunngevinga for stryk.</p> <p>Opplæringskontoret ønskjer å kunne ta læredom av stryk, og då må tilbakemeldingane og strykprotokollane bli betre.</p>	Fagopplæringskontoret tar dette til etterretning og vidare til prøveadministrasjon

